



MØTEPROTOKOLL ELDRERÅDET

Møtedato: 28.05.2020
Møtestad: Kommunestyresalen, Heradshuset
Møtetid: 10:00 - 12:00

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Utvalseiar
Agnar Sellevold		Nestleiar
Mona Grenasberg	SV	Medlem
Ragnhild Margrethe Falch Vatle		Medlem
Anna Bruvik		Medlem

Andre møtande:

Solrun Hauglum, sekretær og kommunalsjef helse og omsorg
Sigrunn Stamnes Vik, einingsleiar helse og omsorg, deltok under sak 06, 07 samt eventuelt

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2020	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2020	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2020	REFERATSAKER OG MELDINGAR
03/2020.1	Brev frå Pensjonisforbundet til alle eldreråd
03/2020.2	Brev til eldreråd - Tilbod om opplæring i velferdsteknologiens moglegheiter
03/2020.3	BREV til eldrerådene våren 2020
03/2020.4	Invitasjon til fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging
03/2020.5	Nyhendevarsel frå Fylkesmannen i Vestland



Vaksdal kommune

- 03/2020.6** Nyhetsbrev fra Aldersvennlig Norge
- 03/2020.7** Vedkomande endringar av brukarbetaling for tryggleiksalarntenesta
- 03/2020.8** Orienteringssak - bygg helse og omsorg
- 05/2020** MARKERING AV ELDREDAGEN 2020
- 04/2020** ÅRSMELDING 2019 VAKSDAL ELDRERÅD
- 06/2020** OMSORG PLUSS - ORIENTERINGSSAK
- 07/2020** COVID-19 PANDEMI - ENDRINGAR I TENESTETILBOD



01/2020: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Eldrerådet 28.05.2020

Behandling:

ELD - sak 01/2020 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2020: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Eldrerådet 28.05.2020

Behandling:

ELD - sak 02/2020 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2020: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Eldrerådet 28.05.2020

Behandling:



ELD - sak 03/2020 Vedtak/Tilråding:

RS 03/2020.8:

Eldrerådet tilrår alternativ 2B, men vil oppretteholda 16 institusjonsplassar og 5 omsorg pluss plassar på Dale.

Referatsakene vert tatt til orientering.

05/2020: MARKERING AV ELDREDAGEN 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eldrerådet vil markera Eldredagen 2020 på følgjande vis:

Eldrerådet 28.05.2020

Behandling:

Det er usikkert kva smittevernreglar som vil gjelda i oktober, og om ein kan arrangera eldrefest i Turbinen som planlagt. Alternativ markering av Eldredagen vart diskutert. Det vart føreslege å markera dagen på institusjonane og dagsentra med musikk og servering av kake og kaffi.

ELD - sak 05/2020 Vedtak/Tilråding:

Eldrerådet utset avgjerd rundt markering av Eldredagen til første møte etter sommaren.

04/2020: ÅRSMELDING 2019 VAKSDAL ELDRERÅD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

Eldrerådet 28.05.2020

Behandling:

ELD - sak 04/2020 Vedtak/Tilråding:



Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

06/2020: OMSORG PLUSS - ORIENTERINGSSAK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Eldrerådet 28.05.2020

Behandling:

Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik orienterte om tilbodet og svara på spørsmål.

ELD - sak 06/2020 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teken til orientering.

07/2020: COVID-19 PANDEMI - ENDRINGAR I TENESTETILBOD

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert teken til orientering.

Eldrerådet 28.05.2020

Behandling:

Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik orienterte i saka og svara på spørsmål.

ELD - sak 07/2020 Vedtak/Tilråding:

Saka vert teken til orientering.



Orienteringar frå rådmannen:

- Svar frå Samfunnsutvikling på spørsmål på førre møte i Eldrerådet om rutinar for feiing og framsetting av stige. Dei er ikkje kjende med at det skal vera problemstilling knytt til framsetting av stige. Feiarar hjelper til med framsetting av stige og ønskjer henvendelse direkte dersom huseigarar treng assistanse for å få gjennomført feiing.

- Svar frå Samfunnsutvikling angående arbeid med turstiar i sentrumsnære område. Agnar Sellevold opplyste at han har fått liste over grunneigarar i det aktuelle området på Dale, og han har vore i kontakt med desse. Han har også søkt Sparebanken Vest om midlar til tilrettelegging (tilskot til benkar). Eldrerådet diskuterte om dette er ei sak ein kan melda til Bygdeutviklingsutvalet.

Eventuelt:

- Kommunalsjef Solrun Hauglum orienterte om arbeid med å få på plass nytt pasientvarslingsanlegg på Vaksdal sjukeheim/Ressurscenteret. Eldrerådet har hatt pasientvarslingsanlegg oppe som sak 21.08.2019 og er kjend med at pasientvarslingsanlegget på Vaksdal må skiftast. Det er ønskeleg med uttale frå Eldrerådet som kan følgja søknaden om tilskot frå Husbanken. Eldrerådet gir følgjande uttale: «Eldrerådet i Vaksdal ser positivt på at pasientvarslingsanlegget på Vaksdal sjukeheim vert skifta ut til eit meir moderne og brukarvenleg anlegg.»

- Den kulturelle spaserstokken. Har hatt opphold i konsertar p.g.a. koronapandemien. Spørsmål frå Eldrerådet om det kan tilretteleggast konsertar på institusjonane framover tilpassa smittevernreglane, t.d. med utandørskonsertar. Sekretær kontaktar einingsleiar og avdelingsleiarar på institusjonane angående dette og ber dei ta kontakt med Agnar Sellevold.

- Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik orienterte om arbeid med "Klart språk" innan helse og omsorg, særleg knytt opp til vedtak. Vedtakstekst skal gjennomgåast med tanke på klart språk, at språk og formuleringar skal vera så tydeleg og lettforståeleg at folk forstår budskapet samstundes som formkrav og krav om henvising til lovverk må etterfølgjast. Eldrerådet vart spurt om å delta inn i arbeidet som referansegruppe med gjennomlesing av tekst i vedtak. Eldrerådet ønskte å delta.

- Einingsleiar Sigrunn Stamnes Vik orienterte om endring/tilrettelegging av dagtilbod under koronapandemien. Dagpasientar med demens vart i denne perioden samla på Vaksdal sjukeheim. Attendemeldingar frå tilsette, brukarar og pårørande er at dette har fungert svært godt. Ein vurderar no om dette tilbodet skal forlengast, og at Vaksdal Ressurscenter tilrettelegg si dagavdeling for personar med demens.